

Lauv og gras gjev usmak på vatnet

16.04.2013

Det er ikkje berre i Uskedalen det har vore usmak på vatnet dei siste dagane. Også vassverka på Husnes og Rosendal har registrert dårleg vatn, men kvalitetsansvarleg ved Husnes vassverk Jan Ove Olsen seier som vassverkleiar Hans Reidar Kjærland i Uskedalen at det ikkje er nokon grunn til å uroa seg. Det er all nedbøren dei siste dagane som har ført til forringa kvalitet.

Olsen peikar på at den forringa vasskvaliteten skuldast lauv og gras som har lege og rotna i elvane gjennom heile vinteren. Til HusnesNett seier han at det medplutseleg mildver og mykje regn på ein gong skjer ein rask opphopning av humus og det maktar ikkje reinseanlegga å takla.

Det er ingen grunn til uro sjølv om vatnet luktar og smakar litt dårleg no om dagen. Olsen har gjennom kontinuerlege prøvar ikkje funne forureining på noko vis. Han trur kvaliteten vil vera på topp att om ein dag eller 2.

Av Ola Matti Mathisen